



**Naturverdier i og ved Eikesdalen Landskapsvernområde,
Sunnal kommune i Møre og Romsdal.**

Bioreg AS Notat 2008 : 10

BIOREG AS

Notat 2008:10

Utførande institusjon: Bioreg AS	Kontaktpersonar: Finn Oldervik	ISBN-nr. 978-82-8215-029-3
Prosjektansvarleg: Finn Oldervik	Finansinert av: Hydroplan AS	Dato: 22. mars .2008
Referanse: Oldervik, F. 2007. Naturverdiar i og ved Eikesdalen Landskapsvernområde, Sunndal kommune i Møre og Romsdal. Bioreg AS. Notat 2008: 10.		
Referat: På bakgrunn av ønske frå Hydroplan AS er det gjort vurderingar av naturen og naturverdiar sør for Usma i det området som endar i ein spiss der to grenseliner for Eikesdalen Landskapsvernområdet møtes. Undersøkinga er gjort på bakgrunn av planar om å byggja eit småkraftverk i Usma, men der dei noverande grensene gjer det vanskeleg å få til ei god løysing kva gjeld inntaksdam i elva. Tanken er difor å justera grensene slik at dei viktigaste naturverdiane i dette området kjem innanføre verneområdet, medan mindre viktige område kan frigjevast. Notatet er laga på grunnlag både av tidlegare kartleggingar i området, men særskild på ei kartlegging gjort 26.07.2007 av Geir Gaarder.		
4 emneord: Vasskraftutbygging Registrering Landskapsvernområde Grensejustering		

Figur 1.Framsida; Biletet er teke oppe frå kanten av Breitelet i nærleiken av Kløftelva. Nede i dalbotnen ser ein Usma i området frå Jønnstad og oppover. Sentralt i biletet kan ein skimta ein brunaktig olivinknaus, der det er eit rikt planteliv. Også andre stadar oppe i dette området er det gunstig berggrunn for ein rik flora (Foto: Karl Johan Grimstad ©).

FØREORD

På oppdrag frå Hydroplan AS, har Bioreg AS gjort registreringar av biologisk mangfald, med vekt på flora i samband med planar om justeringar av grensene for Eikesdalen Landskapsverneområde. Desse justeringane er planlagd i verksett fordi grensene slik dei er i dag gjer det vanskeleg å få til gode løysingar for to småkraftverk som er planlagd i Usma og Kløftelva heilt øvst i Øksendalen, Sunndal kommune i Møre og Romsdal. Undersøkingane er altså gjort for eventuelt å kunne leggja verdfulle naturområde inn i landskapsverneområdet, samstundes som mindre verdfulle område vert frigjeve.

Dette notatet skal gjera greie både for tidlegare registreringar, men mest for registreringar som var gjort særskild for dette føremålet 26.07.2007.

For oppdragsgjevarane har Per Steinar Husby vore kontaktperson, medan Finn Oldervik har vore kontaktperson for Bioreg AS, samt forfattar av notatet. Saman med Karl Johan Grimstad, Hareid, og Geir Gaarder, Tingvoll har sistnemnde også utført feltundersøkinga som særskild var retta inn mot desse planane i 2007.

Aure 20.03.2008

FINN OLDERVIK

1**INNLEIING**

Som ein del av Dovrefjell Nasjonalpark, vart i 2002 Eikesdalsvatnet landskapsverneområde oppretta. Verneområdet omfattar deler av dei tre kommunane, Sunndal, Nesset og Rauma. I alt dekkjer verneområdet eit areal på 469,6 km². Forskriftene om vernet finn ein på denne nettsida; <http://www.lovdata.no/for/lf/mv/xv-20020503-0432.html>. Ein generell verneregel lyder om lag slik; "Området er verna mot alle tekniske inngrep eller tiltak som vesentleg kan endra eller virka inn på landskapets art eller karakter". For å gje området ei god arrondering er grensene i størst muleg grad trekt som rette liner, slik at dei skal vera lette å halda seg til, både for Statens Naturoppsyn og for grunneigarane. Dei sistnemnde har då også rettar både inne i verneområda og utanføre som dei ynskjer å utnytta innanføre dei reglar som finst for slike område.

Øvst oppe i Øksendalen går grensene saman i ein smal spiss som gjer at det meste av fjellområda vert liggjande inne i verneområdet, medan sjølve dalen vert liggjande utanføre. Desse arronderingsomsyna gjer at to middels store elver, Usma og Kløftelva delvis vert liggjande inne i verneområdet og delvis utanføre. Med den store interessa som er for småkraftverk i dag, så ønskjer grunneigarane også her oppe å kunne få høve til å utnytta fallrettane sine til kraftproduksjon.

For Usma gjeld det berre nokre ti-metrar inn i verneområdet, medan det for Kløftelva gjeld berre sjølve inntaket, då mesteparten av vassvegen er planlagd som tunnel. I tilfellet Usma, så kan det kanskje hevdast at det er berre å flytta inntaket nedstraums til ein kjem utanføre verneområdet. I dei fleste tilfelle ville dette sjølv sagt ha lete seg gjera, men her er områda lenger ned svært rasutsett, slik at det i grunnen er berre den staden der ein har planlagd inntaket no som er rassikkert nok til at eit inntak kan etablerast.

No viser det seg at kanskje den mest verdfulle naturen her oppe med tanke på biologisk mangfald ligg utanføre landskapsverneområdet, og grunneigarane sin tanke er då å leggja desse områda innanføre grensene til verneområdet i byte mot at dei får etablere inntaka for dei planlagde kraftverka sine innanføre dei noverande grensene. Det er to måtar dette kan gjerast på, justera grensene slik at inntaka kjem utanføre og dei verdfulle naturområda kjem innanføre, eller med andre ord eit makeskifte. Den andre måten er at grensene i grove trekk vert som før, men at landskapsverneområdet får tillagt dei verdfulle naturområda i byte mot at dei får etablere inntaka sine inne i verneområdet.

Dette notatet dreiar seg i hovudsak om dei registrerte naturverdiane som ligg utanføre Eikesdalen landskapsverneområde, slik desse er registrert, både gjennom tidlegare undersøkingar og gjennom undersøkingar særskild retta mot dette prosjektet, undersøkingar som vart utført hausten 2006 og sommaren 2007.

2 REGISTRERTE NATURVERDIAR I ØKSENDALEN FRÅ JØNNSTAD OG OPPOVER

Ovanføre Jønnstad er det nokre område med rik berggrunn, og i bratte rasmarker, slik ein har mellom Jønnstadnebbba og Usma, er det ofte svært mineralrikt jordmonn som gjev grunnlag for eit rikt planteliv. Det er i hovudsak på høgre sida av Usma sett oppstraums at ein finn desse rike områda, men oppe i høgda kjem ein også inn i rikare berggrunn på venstre sida. Dette notatet vil gjera greie for det som er registrert av rikt planteliv i desse områda, samt kartfesta områda slik vi kjenner dei. I eit par tilfelle vil vi koma med framlegg om å justera grensene noko i høve til slik ein finn dei i Naturbasen. Desse framlegga er i samsvar med dei nye registreringane som vart gjort i 2006 og 2007.

3 TIDLEGARE REGISTRERTE NATURVERDIAR I DETTE OMRÅDET

Denne lokaliteten er skildra og avgrensa tidlegare, dvs. før den siste undersøkinga i 2007. Sidan undersøkingane tidlegare mest har vore konsentrert om rasmarkane under Jønnstadnebbba, er nok grensene til lokaliteten mindre nøyaktige på andre sida av elva, dvs. i området frå Moldbakkan og oppover. Denne store lokaliteten er i grunnen samansett av mange mindre delområde og då er det vanskeleg å unngå at det også vert inkludert ein del areal som er mindre verdifullt også.

Lok. nr. 1. Øksendalen: Moldbakkan - Jønstadnebbba (rik fjellvegetasjon). Verdi; **Svært viktig – A.**

Lokalitetsnummer: 1563-044

Kartblad: 1420 III Sunndalsøra

UTM (EUREF 89): MQ 642-665, 405-415

Høgde over havet: 580-1100 m

Hovudnaturtype: Fjell

Naturtype: Kalkrike områder i fjellet

Prioritet: **A (svært viktig)**

Mulige trugsmål: Ingen kjente

Undersøkt/kjelder: 04.08.1948 og 27.07.1955, R. Nordhagen (herbariet i Oslo), 15.07.1980, 16.09.1983, Torstein Engelskjøn, Univ. i Tromsø (dagboksnotater/ruteanalyser), 16.07.2002, JBJ, 05.07.2006, JBJ (notatar) og JaH, 14.10.2006, FGO og KJG.

Områdeskildring

Generelt: Store rasmarker m.m. på nordaustsida av Jønstadnebbba, og nokre knausar med basekrevjande vegetasjon på nordsida av elva innover mot Moldbakkan. Oppunder Jønstadnebbba finnes marmor. Raudberget er ein serpentin/olivinknaus. Lokaliteten ligg for det meste i Eikesdalsvatnet landskapsvernområde.

Vegetasjon: Reinrosehei (R3), rik rasmark (F1), rike sig (N3) m.m.

Kulturpåverknad: Liten, ein gamal sti og ferdsselsåre går gjennom området, den leia m.a. til Moldbakkan og setrene som øksendalingane hadde ved Reinsvatnet. Deler av rasmarkane har vore beita av sau.

Artsfunn: Interessant er førekomstane av øksendalsvalmue, som stod på den gamle raudlista (inntil des. 2006). T. Engelskjøn talte tilmåtsvis 500 planter i 1983, i rasmarkane under Jønstadnebbba i høgdeintervallet 600-750 moh. Underartane i fjellvalmuekomplekset i Midt-Norge er no teke bort, og valmuane her er dermed ikkje raudlista lenger (Heidi Solstad pers. medd.). Andre planteartar: bergrublom, bjønnbrodd, blankstorr, bleikvier, brearve, brudespore (NT), dvergjamne, fjellarve, fjellbakkestjerne, fjellbunke, fjellfiol, fjellfrøstjerne, fjellkvein, fjellkvitkurle, fjellrapp, fjellskrinneblom, fjellsmelle, fjelltistel, flekkmure, grannsildre, grønkurle, gullmyrklegg, gulsildre, hårstorr, jemtlandsrapp, jøkelarve, jåblom, klokkevintergrøn, reinrose, raudsildre, snøarve, sotstorr, svartstorr, svarttopp, særbustorr, tranestorr, tuvearve, ullvier. R. Nordhagen fann i 1948 bittersøte ”i passet aust for Moldbakken seter, straks ovafor bjørkegrensa”, denne er seinare ikkje attfunne. T. Engelskjøn fann grønburkne, fjellarve og tuvearve på serpenteringrus på Raudberget. Grønburkne vart også registrert i ganske store mengder i dette området av FGO og KJG hausten 2006. Også andre artar som raudsildre, gulsildre, reinrose, fjellsyre, svarttopp og taggbregne vart registrert ved same høvet.

Verdsetting: Området vert verdisett til; Svært viktig – A, på grunn av at det er ein lokalitet med ganske store areal basekrevjande vegetasjon, eit godt artsutval, og med den røddlista arten, brudespore. I tillegg verkar berggrunnen å vera interessant med innslag av olivin og kyanitt.

Skjøtsel og omsyn

Ingen særskilde utanom å unngå fysiske inngrep i den mest artsrike delen av lokaliteten.

4 ØKSENDALEN OVAFOR JØNNSTAD – BOTANISK KARTLEGGING 26.07.2007

4.1 Bakgrunn

Nærområdet til Eikesdalen landskapsverneområde vart undersøkt, særleg i spissen som grensene dannar søraust for Jønstad. I praksis vart stien på nordsida av Usma følgd opp til vernegrensa. Deretter vart nærområdet mot elva undersøkt, samt bergskrentane nokre hundre meter mot nord.

4.2 Resultat

Terrenget oppover lia er for det meste fattig, med ordinære vegetasjonstypar og artar. I startfasen er det blåbær-, småbregne- og dels høgstaudebjørkeskog, utan funn av spesielt krevjande eller interessante artar. Det er også litt myr etter kvart, for det meste fattig fastmattemyr, samt små innslag av intermediær myr med svarttopp, bjønnbrodd og lokalt gulstorr og tranestorr. I overgangen mot snaufjell er det innslag av svakt utvikla snøleiesamfunn og oppe på fjellet litt rabbesamfunn med typiske artar som greplyng, rabbesiv og stivstorr, samt fuktsig av suboseanisk type med mykje blåtopp og rome, og innslag av bjønnekam.

Ved elva er det mest grove rasmassar som har kome frå fjellet på sørsida av elva og har vorte atlagd gjennom tusenvis av år. Rasmassar som er

såpass grove som desse må truleg vera samansett av harde gneisar og har neppe ført med seg særleg av rike mineralar til nordsida av elva. Når ein derimot nærmar seg Raudeberget vert det mindre rasutsett frå sørsida av Usma og grunnen består for det meste av forvittringsmassar, m.a. med ganske stor innblanding av olivin. I dette området er plantelivet svært rikt. Sjølve Raudberget, ein olivin/serpentinknaus, har tydelig eit belte med nokså kalkrik berggrunn inntil seg, som også dannar grunnlag for ein artsrik, interessant fjellplanteflora. Blant anna veks einskilde raudlisteartar her. Dei nordvendte bergsidene mot Tjønnbekken har på eit mindre parti også ein noko rikare flora, men mesteparten av desse berga er ganske utprega fattige.

Ut frå registreringane er det grunnlag for å revidere den tidlegare registrerte naturtypelokaliteten (BN00020491 – Øksendalen: Moldbakkan – Jønstadnebb) ein del innafor undersøkt område (sjå figur 3). Det meste av det avgrensa området nord for Usma og utafor verneområdet er såpass fattig at det ikkje gir grunnlag for nokon naturtypelokalitet. Berre eit område frå og med Raudberget og eit lite stykke nedover bør framleis vera med. I tillegg bør det vurderast om eit parti av dei nordvendte bergskrentane skal skiljast ut som ein lokalt verdifull førekomst.

Lokalitetsnummer: 1563-044
Kartblad: 1420 III Sunndalsøra
UTM (EUREF 89): MQ 642-665, 405-415
Høgde over havet: 580-1100 m
Hovudnaturtype: Fjell
Naturtype: Kalkrike områder i fjellet
Prioritet: A (svært viktig)
Mulige trugsmål: Ingen kjente
Undersøkt/kjelder: 04.08.1948 og 27.07.1955, R. Nordhagen (herbariet i Oslo), 15.07.1980, 16.09.1983, Torstein Engelskjøn, Univ. i Tromsø (dagboksnotater/ruteanalyser), 16.07.2002, JBJ, 05.07.2006, JBJ (notatar) og JaH, 14.10.2006, FGO og KJG.

Tilleggskartlegging av området frå Raudeberget og eit stykke nedover langs Usma og noko nordover (på nordsida BN00020491).

Naturtypelokalitet BN00020491 – Øksendalen: Moldbakkan – Jønstadnebb.
Skildring av arealet på nordsida av Usma frå Raudberget og nedover i retning Jønnstad:

Generelt: Raudberget er ein olivin/serpentinknaus som skil seg tydelig ut frå omgjevnadene, med sin sparsame vegetasjon og lysbrune farge. På den er det tidlegare funne grønburkne, fjellarve og tuvearve og førstnemnde art er sær vanleg på staden (Jordal 2004, Oldervik & Grimstad 2006).

Vegetasjon og artsmangfald. I rasmarka rundt, særleg på nedsida langs elva, veks det ein god del kalkkrevjande artar, og vegetasjonen har preg av å vere rasmarksutforming av reinrosehei. M.a. vart det her funne reinrose, bergveronika, rynkevier, brudespore (NT), bergstorr, hårstorr, sotstorr, flekkmure, liljekonvall, grønburkne, marinykkel (NT), fjellbakkestjerne, fjellfrøstjerne, taggbregne, gulstorr og gulsildre. Heilt i nordvestkant av lokaliteten (MQ 6547 4092) vart det også funne 5 eksemplar av kvitkurle (VU). Det rike partiet ligg for det meste i den bratte sørskrenten ned mot elva, men det vart også funne eit lite parti med rike sig og rik hei oppe på berget ovafor (MQ 6554 4087). Her vaks mykje av dei same artane, som reinrose, hårstorr, tranestorr, brudespore (NT), gulsildre, bjønnbrodd, dvergjamne, fjellistel, svarttopp, særbustorr, skogsiv, flekkmure, fjellfrøstjerne, bergstorr, gullmyrklegg, trillingsiv og raudsildre. Her er grunn

til å nemne at sjølv om hovudførekomsten av olivin ligg ganske konsentrert, så er det også litt spreidde innslag av olivinstein 50-100 meter nedover langs elva.

Mogleg ny naturtypelokalitet.

Lok. nr. 2. Øksendalen, Tjønnbekken, sør

Naturtype: Kalkrike områder i fjellet. Utforming: Bergknauser og rasmark

Verdi: Lokalt viktig C

UTM: MQ 6534 4123

Kjelder: Feltundersøkingar 26.07.2007 av Geir Gaarder

Generelt: Lokaliteten ligg søraust for Jønnstad inst i Øksendalen, litt sør for Tjønnbekken og opp mot ein spiss i Eikesdalen landskapsverneområde. Den er ganske skarpt avgrensa mot ordinær rasmark i nedkant (med høgstaudevegetasjon), og fattigare berg både i nord og sør, samt fattig fjellvegetasjon oppe på kanten.

Naturtypar: Innslaget av noko krevjande fjellplanter gjer plasseringa som eit kalkrikt område i fjellet naturleg, samt at det er snakk om ein nordvendt bergknaus.

Påverknad: Det vart ikkje observert noko spesiell påverknad.

Artsmangfald: Av litt meir kravfulle artar vart det sett gulsildre, raudsildre, fjellfrøstjerne, svarttopp, fjelltistel, fjellsmelle, bjønnbrodd, blå rapp, svartstorr, klubbstorr, flekkmure og fjellbakkestjerne.


Verdisetting: Lokaliteten får under tvil verdi; Lokalt viktig – C. Den er såpass liten og artsfattig at den ikkje tilfredsstillar krava til nokon høgare verdi. Kanskje er slike halvrike miljø også såpass vanlege i distriktet at sjølv ein C-verdi er for høgt?

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er å la området få liggje i fred, og det er da også truleg lita truga.



Figur 2. Heilt i framgrunnen ser ein noko av olivinknausen som vert kalla Raudberget. Også knausen i bakgrunnen til høgre inneheld olivin og kalkhaldige bergartar som gjev grunnlag for eit rikt planteliv. Heile skråninga ned mot elva, der det er rikeleg med forvitningsmassar, har også eit rikt planteliv. Alle

dei raudlista artane som vart påvist ved inventeringa 26.07.2007 vart påvist enten i denne skråninga eller oppe på plataet kring knausen. (Foto; Finn Gunnar Oldervik ©).




Figur 3. Framlegg til revisjon av registrert naturtyperlokaltet BN00020491 – Øksendalen: Moldbakkan – Jønnstadnebb, der ny grense er vist med ein raud strek om lag tvert på elva og nordaustover til den tidlegare grensa i nord. Det som ein meiner at skal trekkast ut er merka med eit stort minusteikn. Grensa mot nordvest er føreslege lagt langs sørvestsida av elva. I tillegg kjem ein ny lokalitet vist med eit lite rektangulært område innafor arealet som er føreslege trekt ut. Merknad: Det er ikkje gjort forsøk på å revidere naturtyperlokalteten innafor verneområdet utanom det som går fram av dette kartet.

Funn av raudlisteartar

Det vart gjort ein handfull funn av i alt 3 raudlista karplanter under feltarbeidet. Nummer er dei same som vist på figur 4 (Sjå neste side).

1. *Marinøkkel* (NT) og brudespore (NT) – nokre eksemplar i rasmark MQ 6554 4082
2. *Brudespore* (NT) – ca 5 eks. i fuktsig MQ 6554 4087
3. *Kvitkurle* (VU) – 5 eks. i blåtoppeng MQ 6547 4092
4. *Brudespore* (NT) – rundt 20 eks. på ein liten flekk MQ 6547 4097

Brudespore veks elles fleire stader rundt Raudberget og på sørsida av Usma.



Figur 4. Funn av raudlista karplanter i kanten eller like utafor verneområdet til Eikesdalen landskapsverneområde ovanfor Jønnstad i Øksendalen, Sunndal kommune.

5 VURDERING AV GRENSENE FOR EIKESDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE OVAFOR JØNNSTAD, MED GRUNNLAG I DEI BOTANISKE UNDERSØKINGANE 26.07.2007

Dei botaniske registreringane på nordsida av Usma i dette området gjev ikkje grunnlag for store grensejusteringar i området. Men det viste seg likevel at det var ein rik karplanteflora med fleire raudlista plantar og ein spanande geologi rett utanføre grensene til Eikesdalsvatnet landskapsverneområde. Ein liten justering, til dømes slik at den trekanten oppe i spissen som vist på figur 3 hadde vorte liggjande innanføre grensene ville nok ha vore positivt. M.a. ville dette ført til ei betre buffersone rundt olivinførekosten på og ved Raudberget, og at ein førekomst av den sårbare arten kvitkurle kjem innafør verneområdet. (Vurdert av Geir Gaarder 27.07.2007)

